



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Dato: 02.09.2020  
Vår ref: 20/02611-2  
Deres ref: 20/10133 - 20/35945

## **Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustadar i Knarvik, gbnr. 188/ 406, 420 og 802 mfl. i Alver kommune**

### **POST- OG BESØKSADRESSE**

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00

**E-POST** post@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBNOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

### **SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 19. juni 2020.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvareleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekommstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### **Om planen**

Hensikten med planarbeidet er å etablere reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustader i Knarvik. Delar av Kyststien skal inngå i ei heilskapleg planlegging av området og det skal etablerast ein universelt utforma møteplass i friområdet ved Kvassneset.

Det er ikkje krav om planprogram for detaljreguleringsplanen, men i planarbeidet skal det gjerast ei vurdering av om arealendring knytt til reinseanlegget vil krevje konsekvensutgreiing etter vedlegg II i forskrift for konsekvensutgreiingar.

### **Fråsegn frå DMF**

DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekommstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om opning av Detaljreguleringsplan for reinseanlegg og robuste bustadar i Kvarvik.

Dersom det i samband med vidare behandling av planen viser seg at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonssjef

Karoline Ulvund  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Karoline Ulvund

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Kopi til: